

Velkommen til Volda Kommune Teknisk



Volda
kommune

Om vatn og avløp

Om vatn og avløp - usynleg, men uunnverleg

Kvar gong du skrur på krana eller trekker ned i do, set du i gang eit avansert system som få tenkjer over, men som er avgjerande for kvardagen vår. Vatn- og avløpssystemet i Volda kommune er resultatet av tiår med planlegging, investeringar og godt samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane.

Reint drikkevatn er ein sjølvfølge for dei fleste av oss. Men bak ligg det streng overvaking, regelmessige prøver og ei rekke krav til kvalitet.

Sameleis krev avløpsvatnet handtering som tek omsyn til både miljø, helse og framtidig utvikling. Kommunen har ansvar for leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg – men ein del av ansvaret ligg også hjå deg som huseigar.

Volda kommune jobbar kontinuerleg med fornying av leidningsnettet og investering i moderne løysingar. Målet er å sikre stabile tenester, beskytte miljøet – og halde kostnadane så låge som mogleg på sikt.



6 RENT VANN OG GODE SANITÆRFORHOLD



11 BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN



12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON



13 STOPPE KLIMAENDRINGENE



Dette handlar ikkje berre om
røyr og ventilar – men om
tillit, tryggleik og framtid.

Velkommen til

HAREVADET HYTTEGREND

Grendadalen i Hornindal

Harevadet Hyttegrend ligg i solrike, snørike og idylliske omgjevnader, og kan gje deg fine naturopplevingar både sommar og vinter.

Næraste nabo til Hornindal skisenter.



Når kommunen skiftar leidningar i gata di

Kva skjer når leidningane skal skiftast?

Skal vatn-, avløps- og overvassleidningane i gata di skiftast, er det mykje som skjer – både over og under bakken. Det kan opplevast som eit forstyrrende tiltak, men det er ein viktig investering i tryggleik, funksjon og framtidig kapasitet i heimane våre.

Før arbeidet startar, får du varsel i god tid. Du får informasjon om kva som skal gjera, kor lenge det vil vare, og kven du kan kontakte ved spørsmål. Under sjølv arbeidet kan vatnet bli stengd i korte periodar, men også dette får du varsel om på førehand.

Når kommunen gjer gravearbeid, legg vi nye leidningar for vatn, avløp og overvatn – og koplar til nye stikkleidningar frå vegen til dine private røyr. Dersom du har drensleidning eller taknedløp som er kopla til kloakk, får du pålegg om å kople dette om til overvassnettet. Slik reduserer vi belastninga på reinseanlegga og held kostnadene – og gebyra – nede.

Samtidig med leidningsarbeidet blir det ofte gjort oppgraderingar på tilhøyrande vegar og fortau. Slik får området eit heilskapleg løft – både funksjonelt og estetisk.

Alt arbeid på private leidningar, også drenering, er søknadspliktig. Det er entreprenøren som skal søkje kommunen før oppstart – og du bør alltid sjekke at dei har fått godkjenning, før arbeidet startar.

Hugs: Du har ansvar for private røyr fram til kommunal tilkoping. I samband med leidningsarbeid kan det vere eit godt høve til å sjekke tilstanden på eigne røyr – før det vert eit problem.



 PVC Almenning

Spesialister på PVC-produkter

Skreddersydde kvalitetsprodukter i PVC

 Høydalsvegen 1081, 6110 Austefjorden

 70 05 60 32

 post@pvcalmenning.no

 pvcalmenning.no



Profesjonell rørlegger i Volda
For deg som verdsetter kvalitet i materialer og håndverk.

Sentrums Rør AS i Volda er totalleverandør av tjenester
og produkter til varme og bad.

Heltnevegen 19, 6103 Volda • Tlf: 700 78 882
berkvik@sentrurmror.no • sentrumror.no




Rørleggervakt
700 78 882

Vassmåler og lekkasjar

Vassmålar - ein liten innsats kan gi stor gevinst

Ved å installere vassmålar får du betre oversikt over eige forbruk – og betalar berre for det du faktisk brukar. Mange oppdagar at vassmålaren gir både innsparring og meir miljøvenlege vanar.

Volda kommune tilbyr vassmålaravtale for alle hushaldninga. Målaren vert automatisk avlesen, og du får presis faktura utan urettferdige anslag. Dette kan vere særleg lønsamt for små hushaldningar, der standard gebyr ofte ligg høgare enn faktisk forbruk.



I tillegg hjelper målaren deg å fange opp skjulte lekkasjar tidleg. Uforklarleg høgt forbruk kan vere eit teikn på problem i leidningane dine – noko som kan spare deg for både vatn, pengar og skader på eigedomene.

Å installere vassmålar er ei enkel handling som kan bidra til både betre økonomi og betre ressursbruk.



Alt innen bygg- og betongarbeid



909 85 417



post@byggbetong.no



Rotsetstranda 12, 6100 Volda

BYGG OG BETONG A/S

byggbetong.no

Vassmåler og lekkasjar

Lekker toalettet ditt?

Eit lekk toalett kan føre til store utgifter sjølv om vassmengda verkar liten.
Har du eit toalett som står og renn, samstundes som du har vassmålar, bør du ta ein telefon til din rørleggar så snart som mogleg

Eit toalett som står og renner har typisk ein lekkasje på 0,1 desiliter i minuttet. Dette høyrest ikkje mykje ut, men om ein summerer blir dette 400 kubikkmeter med vatn i året. I Volda kostar ein kubikkmeter med vatn 31 kroner. Dette betyr at eit lekk toalett kan koste deg 12.400 kroner i året.

Teikn på lekkasje kan vere at vatnet renn jamt i toalettskåla, eller at sista fyller seg ofte utan grunn. Viss du mistenkjer lekkasje, bør du få det sjekka av rørleggar. Enkle reparasjonar kan stoppe svinn og gi rask lønsamheit.

Volda kommune oppmodar alle huseigarar til å vere merksame på eigen vassinstallasjon. Små tiltak heime er ein viktig del av å sikre vassressursane våre – og samstundes halde rekninga nede.


Saman kan vi spare både vatn, miljø og lommebok!



BERKNES
MASKIN AS

Tlf: 906 16 734
kjell.inge@berknemaskin.no
Berknesvegen 982, 6105 Volda

 berknemaskin.no



Graving i Volda og Ørsta

Gebyr og betaling

Kvifor auka gebyra for vatn og avløp?

Mange lurar på kvifor gebyra for vatn og avløp har auka – og svaret ligg i omfattande investeringar som er heilt nødvendige.

Volda kommune står overfor store utskiftingar av gamle leidningar. Mange av dei vart lagt for fleire tiår sidan, og har no nådd slutten av si levetid. I tillegg krev nye reinseanlegg høg standard for å møte nasjonale og internasjonale miljøkrav. Begge delar medfører store kostnader.

Samtidig har prisane på både energi, materialar og tenester auka kraftig. Dette påverkar også drifta av vass- og avløpsystemet. Vi forstår at auka gebyr kan vere utfordrande – og vi arbeider kontinuerleg for å halde kostnadene nede utan å gå på kompromiss med tryggleik og kvalitet.

Å sikre reint vatn og forsvarleg avløpshandtering er eit ansvar vi alle deler – no og for framtida.



Spesialfelt:
Oppdrett / akvakultur
Næringsmiddelindustrien
Prototype prosjekt

Sveising:
- Alle rustfrie materialer
- Aluminium

Maskining:
- CNC fresing / Skilt produksjon
- Dreing
- Mekanisk vedlikehold og reparasjon

AERO-TEC
From concept to product



www.aero-tec.no



Følg oss på facebook

Gebyr og betaling

Få betre kontroll med månadleg faktura

Vissste du at du kan få faktura for vatn og avløp kvar månad i staden for fire gonger i året?

Med månadleg betaling får du betre oversikt over utgiftene – og det blir enklare å planlegge økonomien.

Alt du treng å gjøre, er å registrere deg for eFaktura eller AvtaleGiro i din nettbank.

På kommunens hjemmeside finn du søknadsskjema for delbetaling av gebyr.

[Gå til skjema](#)

Denne løysinga er populær blant både barnefamiliar og eldre som ønskjer føreseielege rekningar. Månadleg faktura er eit valfritt tilbod – men for mange gir det ein enklare kvardag.

Meir kontroll. Mindre stress. Det er enkelt å kome i gang.



Vi tar oss av alt innen graving

Med sentral godkjenning og ADK-sertifisering i orden, kan du være trygg på at arbeidet blir utført av erfarte fagfolk med høy kompetanse.

sindrehumberset1@gmail.com • 410 85 434 / 411 08 031
Solsida 46, 6110 AUSTEFJORDEN • www.humbersetmaskin.no



Avløp og do-vanar

Spredt avløp - private avløpsløysingar

Har du privat utslepp? Alle med innlagt vatn skal vere kopla til kommunalt avløp eller ha godkjent reinseanlegg og utsleppsløyve frå kommunen.

Fram mot 2033 skal alle private avløpsanlegg i kommunen kartleggast og kontrollerast. Du vil då bli bedt om å dokumentere at du har gyldig løye og at anlegget tilfredsstiller dagens krav. Høyrast det krevjande ut? Slapp av – kommunen vil bruke tid og ressursar på å hjelpe deg gjennom prosessen.

Skal du installere eit reinseanlegg, er det søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og eit godkjent føretak må hjelpe deg med søknaden.

Eit fungerande avløp er grunnlaget for både helse og komfort – og eit delt ansvar mellom deg og kommunen.



Byggmester Yngve Egge

979 87 078

post@handverks-partner.no

handverks-partner.no

Avløp og do-vanar


Kva skal - og skal ikkje - i do?

Mange tenker at alt forsvinn når dei trykker på knappen – men do er ikkje ein søppelbøtte.

Fett, våtserviettar, Q-tips, bind og matrestar fører til tette røyr, driftsstans og kostbare reparasjonar. Desse feila kan føre til overfløyming både hos deg og naboen – og til slutt i naturen.

Berre tre ting høyrer heime i do: dopapir, tiss og bæsj. Alt anna skal i søpla. Volda kommune brukar store ressursar på å rydde opp i feil bruk – og dei pengane kunne gått til betre tenester og lågare gebyr.

Ein liten innsats frå deg gjer ein stor forskjell for felleskapet. Vi har alle eit ansvar for eit reint og fungerande vassmiljø.



Helset Maskin AS

Grunn- og maskinarbeid

932 55 059



Kva har du lov til å bygge?

Bygging på eigen eigedom

Må eg søke for å bygge?

Enkelte tiltak treng du ikkje søkje om. Dette gjeld ofte mindre tiltak som er fritekne frå søknadsplikta på nærmere vilkår. Eit av vilkåra for at tiltaket skal vere unnateke søknadsplikt er at tiltaket er i tråd med plan. Hugs at dei kommunale planane for eigedomen din kan legge avgrensingar for kva du kan bygge og kor stort du kan bygge. Kva som gjeld for din eigedom finn du på denne sida: www.arealplaner.no.

Har du bygd eit tilbygg eller ei frittliggende bygning?
Hugs å melde frå til kommunen når du er ferdig å byggje.

Dette kan du bygge uten å søke:

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har laga fleire rettleiarar som kan bidra til å avklare søknadsplikt:

Garasje, bod anneks: Bygg uten å søke

Terrasse og tilbygg: Bygg uten å søke


Mikrohus som helårsbolig

Veiviser for bruksendring

I tillegg har Norsk kommunalteknisk forening (NKF) laga **informasjonsark** som seier noko om både søknadsplikt for ulike tiltak. Informasjonsarka finn du her.

Dette må du gjere seinast fire veker etter ferdigstilling, slik at kommunen kan oppdatere kart- og matrikkeldata. Du kan bruke skjemaet «Melding om bygning eller tilbygg som er unnateke søknadsplikt» (skjema 5188 på www.dibk.no).

Melder du frå har du også dokumentasjon på at det du har bygd er unnateke søknadsplikt. Dette kan vere fint å ha til seinare, til dømes når du skal selje bustaden din.



Kva har du lov til å bygge?

Trygg byggegrunn

Slik stiller lova krav til sikker byggegrunn

Etter plan- og bygningslova kan grunn berre vera byggast, eller eigedom oppretta eller endrast, dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold.

Det same gjeld for grunn som vert utsett for fare eller vesentleg ulempe som følgje av tiltak.

Kva som vert rekna som "tilstrekkeleg sikkerheit" går fram av byggeteknisk forskrift (TEK17), der det blant anna vert differensiert mellom ulike naturfarer og ulike typar byggverk.

Dei ulike naturfarene er:

- Kvikkleireskred
- Skred i bratt terrenget (fjellskred, steinskred, steinsprang, jordskred, snøskred, sørpeskred m.m.)
- Flaum
- Stormflod

Krava for sikkerheit mot naturfare gjeld òg for tiltak som ikkje er søknadspliktige.

Når skal det sendast inn dokumentasjon på tilstrekkeleg

sikkerheit mot naturfare?

Dokumentasjon på tilstrekkeleg sikkerheit mot naturfare skal sendast inn i alle bygge- og eigedomssaker, med unntak av saker som berre gjeld:

- Fasadeendringar
- Oppføring, endring og reparasjon av byggetekniske anlegg
- Bygningsmessige endringar av teknisk karakter, som endring av brannskille, etablering av våtrom, rehabilitering av skorstein osv.
- Samanslåing av bueiningar.

Oppfylling av krav til sikker byggegrunn skal dokumenterast før kommunen kan gje løyve. For tiltak som ikkje er søknadspliktige skal utgreiinga gjennomførast for å sjå til at tiltaket har tilstrekkeleg sikkerheit, men ikkje sendast inn til kommunen. Krava til sikkerheit mot naturfare er dei same for tiltak på eksisterande bebyggelse som for nybygg.

Kvífor stiller vi andre krav til dokumentasjon enn tidlegare?

Større hendingar i nyare tid, og stadig meir tydelege klimaendringar, har gitt auka merksemd på kommunen si oppfølging av krav om trygg byggegrunn og dokumentasjon av dette. Statlege mynde har også blitt tydlegare på kommunen sitt ansvar for å sjå til at trygg byggegrunn er tilstrekkeleg greia ut og dokumentert i bygge- og delesaker.

På bakgrunn av dette har Utviklingsavdelinga sett at vi må forsterke rutinane våre når det kjem til å sjå til at trygg byggegrunn er tilstrekkeleg dokumentert i bygge- og delesaker.

Samstundes er det ikkje noko endring i krava som vert stilt til trygg byggegrunn gjennom plan- og bygningslova. Dette er altså krav som heile tida skal ha vore oppfylt og dokumentert for tiltaka, sjølv om det ikkje alltid har vorte sendt inn som del av bygge- eller delesøknaden.

For dei som heile tida har oppfylt lovverket, og gjennomført desse vurderingane og utgreiingane vert endringa såleis veldig liten. For dei som ikkje har overhalde lovverket, altså ikkje har utgreia naturfarer i tilstrekkeleg grad, blir dette no følgjast opp i sakshandsaminga. For å sjekke om eigedomen din ligg i aktsemråde for naturfarer, kan du finne eigedomen din på denne nettsida: atlas.nve.no.



Handtering av avfall

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

- Sortert avfall gir verdi

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sørger for at avfallet fra heimen eller fritidsbustaden din vert handtert trygt og miljøvennleg. Slagordet til VØR er «Sortert avfall gir verdi», og det er nettopp det som skjer når du sorterer rett.

Som privat hushaldning har du fire dunkar, for restavfall, papir/papp, matavfall og glas- og metallemballasje, i tillegg til plastsekk for plastemballasje og ei raud boks for farleg avfall. Desse ordningane gjer det enkelt å sortere avfallet slik at det kan nyttast vidare som ressursar.

Har du større gjenstandar eller avfall som ikkje skal leggast i dunkane dine heime, kan du levere dette på ein av VØR sine to miljøstasjonar: i Hovdebygda eller på Grodås.

Via appen **MinRenovasjon** eller nettsida **vor.no** kan du enkelt sjekke tømmedagar, finne sorteringssguide og sjå opningstidene for miljøstasjonane.

Når du sorterer heime, er du ein del av eit større fellesskap som jobbar for berekraftige lokalsamfunn der sortert avfall gir verdi.

VØR gjer jobben med å samle inn avfallet, men det er dine val i kvardagen som gjer at avfallet får ein verdi og bidreg til ein sirkulær økonomi.



BYGGMESTER
Steinar Lande AS
DALSFJORDVEGEN 625 | 6133 LAUVSTAD
Tlf +47 47 45 19 08

haugen
motor

PKK (EU-kontroll) • Service • Reparasjonar
Karosseri/opprettig • Lakking

MECA-SERTIFISERT ELBILVERKSTED

MECA





LøFlo
INSTALLASJON AS

**Vi er totalleverandør av
installasjons- og elektrotjenester**

Vi tek på oss alt fra små installasjonsoppdrag til prosjektering og montering av større anlegg.

I tillegg utfører vi montering og kontroll av brannalarmanlegg, naud- og ledelysanlegg, samt røykluker.

Ta kontakt for tilbod

EL-KONTROLL
INSTALLASJON
TERMOGRAFERING
ELBILLADER

911 54 140 [loflo.no](#)

A smaller image in the bottom right corner shows a close-up of a worker wearing a yellow hard hat and a dark jacket, looking towards some electrical equipment or wiring.



Volda
kommune

Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00
Faks: +47 70 05 87 01

www.volda.kommune.no

Sjå vår facebookside

